



HØYANGER SENTERPARTI

VALPROGRAM 2023-2027

POLITIKKEN VÅR

For heile Høyanger kommune

Levande bygdesamfunn, høg trivsel og auka tilflytting i heile Høyanger kommune. Det er Senterpartiet sitt mål for kommunevalperioden 2023-2027.

Nærleik til gode omsorgstilbod, utdanning og arbeidsplassar er viktig for alle innbyggjarane og må difor styrkjast i heile kommunen. Vi er i ein periode med auka aktivitet, og fleire arbeidsplassar er lova dei kommande åra. Då trengs husvære og byggjeklare tomter i alle bygdene, både for nye tilflyttarar men og til dei som allereie bur i her.

Senterpartiet vil:

- Ta innbyggjarane sine meiningar på alvor og arbeide for gode løysingar i kommunestyreperioden.
- Få på plass byggjeklare tomter i samarbeid med bygdelag, næringsdrivande og grunneigarar i heile kommunen vår.
- Vere pådrivar for å marknadsføre og selje dei alt byggjeklare tomtene
- Auke tilgangen på husvære i marknaden ved å selje fleire eigedommar som i dag er eigd av kommunen
- Gje større valfridom til plassering drøymehuset mellom fjord og fjell

heile programmet finn du på
sp.no/hoyanger



SKULE OG BARNEHAGE NÆR DEG

Born og unge skal ha tilfredsstillande utbytte av undervisning, tryggleik i gode lokale og stimulerande utemiljø. Vi skal ha godt utdanna og motiverte leiarar, pedagogar og assistentar i barnehage, SFO og skule. Alle skal ha mogelegheit til å bli den beste versjonen av seg sjølv.

Senterpartiet vil:

- Ha ein desentralisert skulestruktur i samråd med bygdelaga
- Bidra til trygge og gode psykososiale oppvekstmiljø med barnets beste i fokus
- Tilby full barnehagedekning med tilbod om plass i nærmiljøet
- Ha ei god og fleksibel SFO-ordning
- Syte for at skulane og barnehagane våre er attraktive og trygge arbeidsplassar med godt kvalifisert personale
- Styrke skulehelsetenesta med helsesjukepleiar og miljøarbeidarar på alle skulane våre
- Skape møtepunkt og gjere det økonomisk mogleg å arrangere felles opplevingar for alle barn og unge på tvers av skulane i heile kommunen
- Vere pådrivar for at Høyanger vidaregåande skule har eit så godt og variert tilbod at fleire ungdommar vil velje skulen

KULTUR FOR ALLE

Idrett og kultur er viktige trivselsfaktorar for oss som bur her. Frivilligheit er bærebjelken i mykje av idretts- og kulturlivet, og kommunen skal støtte opp om desse og vere ein positiv samarbeidspartnar og pådrivar. For å sikre gode tilbod i lokalmiljøa må midlar fordelast på alle barn og unge i kommunen, uavhengig av bustad.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for å auke kulturmidlane for å styrke det frivillige kulturlivet nær deg
- Inkludere barn og unge i gode og aktive fritidstilbod i heile kommunen
- Oppretthalde og styrke bibliotekfilialane som er viktige møteplassar og kulturformidlarar i lokalmiljøa
- Støtte opp om lagseigde og kommunale samfunnshus
- Satse på kulturskulen og ha tilbod i heile kommunen
- Vere ein pådrivar for å flytte ulike aktivitetar og utstyr rundt i bygdene
- Sjå på moglegheita for å tilsette ein ambulerande ungdomsarbeidar med fokus på auka aktivitet for barn og unge der dei bur
- Arbeide for at kommunen overfører nok investeringsmidlar til Kyrkjeleg felle råd, slik at ein kan vedlikehalde kyrkjebygga og gravplassane våre
- Legge til rette for, og støtte nærmiljøanlegg i bygdene



HELSE OG OMSORG

NÆR DEG

Vi vil tilby eit godt tilbod innan primærhelsetenesta, omsorgsbustader, sjukeheimsplassar og tilrettelagde bustadar. Sikre at born og unge får god oppfølging med tidleg innsats via helsestasjonen og seinare i skulehelsetenesta, særleg med tanke på ei god psykisk helse.

Senterpartiet vil:


- Ha eit godt, stabilt og desentralisert legetilbod
- Sikre at kommunen skal ha godt utstyrte og oppdaterte utekontor og tilby likeverdige tilbod med legekontor, psykolog, helsestasjon og jordmortenester.
- Sikre godt desentralisert tilbod for oppfølging, rehabilitering, habilitering og fysioterapi for alle aldersgrupper
- Sikre ei nær og god eldreomsorg
- Vere pådrivar for å betre tenestene, auke tilgjenge for hjelpemiddel og kunnskap rundt velferdsteknologi, med mål om å sikre at brukarar kan bu lenger heime og betre samhandlinga med pårørande.
- Syte for at helse og omsorg er ein attraktiv arbeidsplass og kartlegge tiltak for å rekruttere og behalde tilsette innan tenesteområda
- Pådrivar for å styrke psykisk helse- og rusomsorg i heile kommunen i tråd med nasjonale føringar
- Arbeide aktivt for å styrke Tronvik som lokal arbeidsplass og nasjonal helseinstitusjon
- Støtte opp om lågterskeltilbod i heile kommunen
- Styrke brann- og akuttberedskap i heile kommunen, særleg i utkantane
- Behalde ambulansen i Lavik og Høyanger

UTVIKLING I HEILE KOMMUNEN

Vi ynskjer utvikling i heile kommunen. Då treng vi gode vegar og eit godt buss- og hurtigferjetilbod. Mobil- og internettdekning til alle er ei sjølvfølge og er avgjerande for busetting og auka næringsverksemd.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for opprusting og fast dekke på alle kommunale vegar
- Vere pådrivar for å betre rutetilbodet Nordeide -Måren – Ortnevik og få det inn i «gratis ferje ordninga»
- Arbeide for å tilpasse og betre kollektivruter slik at alle kan delta på arrangement og tilstellingar i heile kommunen.
- Utvide serviceskyssen til å gjelde heile kommunen
- Halde fram med satsinga på framtidsretta høghastigheits internett og mobildekning i heile kommunen
- At mjuke trafikantar skal ferdast trygt bak autovern der det er gang- og sykkelvegar.
- Vere pådrivar for at gang-, sykkel- og biltrafikk skal gå føre seg på rassikre- og trygge vegstrekningar i heile kommunen vår.



NÆRINGS LIV MED DRIV

Høyanger Senterparti ynskjer eit levedyktig næringsliv i heile kommunen. Det er viktig å ivareta hjørnesteinsbedrifter, behalde eksisterande arbeidsplassar og skape nye.

Senterpartiet vil:

- Vere pådrivar og støttespelar for framleis variert industriell produksjon i Høyanger kommune
- Arbeide for at ledig industriareal i Høyanger kommune blir teke i bruk av seriøse aktørar som kan skape næringsaktivitet og nye arbeidsplassar.
- Regulere nye områder for industri og næringsutvikling i heile kommunen.
- Aktivt arbeide for at Hydro held fram satsinga i Høyanger, og sikre at planane for ny elektrolysehall vert ein realitet
- Legge til rette for vidare vekst for produksjon av sjømat både i sjø og på land
- Omorganisere Høyanger næringsutvikling (HNU) slik at vi får utnytta ressursane betre og oppnår auka samhandling mellom næringsutvikling og dei andre kommunale etatane
- Fremje potensialet for næring innan natur og reiseliv

AKTIVT LANDBRUK

Landbruket er viktig for Høyanger kommune. Det er viktig at jordbruksarealet i kommunen vert oppretthalde og auka. Vi vil ha eit aktivt og variert landbruk med produksjon av mjølk, kjøt, frukt og grønt. Vi vil spele på lag med landbruksorganisasjonane lokalt.

Senterpartiet vil:

- At kommunen gir investeringsstøtte på 10 % av byggekostnadene til nybygg og fornying av driftsbygningar
- Ha eit styrka landbrukskontor som kan gi rettleiing og planleggingsstøtte til bønder som vil drive og utvikle eigen gard
- Vidareføre ordninga med å gje eit tilskot på kr 200 000 ved kjøp av gardsbruk
- Sikre oppfølging av reglane for bu- og driveplikt. Det er viktig for å bevare kulturlandskapet, levande bygder og auke tilflytting. Gardsbruk som i dag vert brukt som fritidseigedommar bør gjerast tilgjengeleg for dei som ynskjer å satse på gardsdrift og eit liv i kommunen.
- Sikre og styrke veterinærdekninga i kommunen



MILJØ, BEREKRAFT OG ENERGI

Vi skal ta i bruk naturressursar på ein berekraftig måte som bevarer naturmangfaldet.

Høyanger Senterparti vil ta grunneigarane, innbyggjarane og kommunen sine interesser på alvor, slik at vi både no og i framtida kan nytte naturressursane i kommunen vår til næringsutvikling, verdiskaping og rekreasjon.

Høyanger kommune har i dag ein stor kraftproduksjon, og har levert kraft til fellesskapet i over 100 år. Samfunnsoppdraget vårt er å arbeide for heile kommunen sine interesser. Framtida krev berekraftig grøn kraftproduksjon som tek vare på menneska, naturmangfaldet, jordbruket og industrien i eit langsiktig perspektiv.

Vi vil ikkje prioritere vindkraft som energikjelde.

Senterpartiet vil:

- Oppruste eksisterande vasskraftverk i kommunen
- Sjå på moglegheitene for å byggje ut meir vasskraft i vår kommune og i samarbeid med nabokommunane
- Vurdere solceller på kommunale bygg så dei vert sjølvforsynt med grøn energi
- Vere opne for nye og alternative former for kraftproduksjon

ANSVARLEG ØKONOMI

Kommunen må ha ei ansvarleg økonomistyring, slik at vi har økonomiske rammer og kan løyse dei lovpålagde oppgåvene på ein god og rettferdig måte.

Vi må ha fokus på å redusere den høge lånegjelda og setje av midlar på fond.



KANDIDATAR



1. **GEIR HELGE ØSTERBØ,**
1967, ØSTERBØ



2. **AINA BRENSDAL FORTHUN,**
1984, LAVIK



3. **JONAS HAUGSBØ,**
1998, KYRKJEBØ



4. **HALLBJØRG EIDHAMAR,**
1971, NESSANE

5. Leif Arne Fureli, 1976, Vadheim
6. Kristin Myren, 1982, Ikjefjord
7. Øyvind Rømo, 1971, Bjordal
8. Vegard Hellem, 1993, Lavikdal
9. Inge Brekke, 1962, Ortnevik
10. Jan-André Førde Systad, 1987, Lavikdal
11. Terje Instefjord, 1965, Ikjefjord
12. Lisa Meek Ljotebø, 1999, Norevik
13. Fredrik Knutssøn, 1985, Ortnevik
14. Anders Ljotebø, 1964, Kyrkjebø
15. Cecilie Sande, 1984, Lavikdal
16. Askel Rødland, 1968, Vadheim
17. Tarjei Ringereide, 1975, Lavik
18. Anita Taftø, 1973, Vadheim
19. Einar Meek Ljotebø, 1991, Kyrkjebø
20. Karoline Arntsen, 1990, Lavikdal